

---

**Fra:** fmvlpst@fylkesmannen.no  
**Sendt:** tirsdag 25. juni 2019 10:59  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Miljøfagleg kommentar - Nydyrking - Lindås - 107/2 - Kolås - Nils Andre Kolås

Når det gjeld dei momenta som det vil vere naturleg å drøfte når saka skal vurderast etter prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12, så bør det vurderast om den myra som ein no søker om å få dyrke opp kan ha miljøverdiar knytt til seg, sjølv om dette ikkje er registrert i naturbase. Vi har diverre ikkje ei fullstendig kartlegging av myr-naturtypar i Vestland.

Av DN-handbok 13, som ligg til grunn for denne kartlegginga, ser vi at dette kan karakteriserast som ei kystmyr. Intakt kystmyr i boreonemoral sone eller i det intensivt drivne jordbrukslandskap, med ein storleik på over 50 daa skal verdisettast som «svært viktig», eller som ein naturtype med A-verdi. Dette må takast med i vurderinga når saka skal handsamast etter Naturmangfaldlova.

I 2016 definerte regjeringa restaurering av myrar som eit av dei viktigaste miljøtiltaka for å redusere utslepp av klimagassar og for å ta vare på naturmangfald. Denne satsinga er styrka i budsjettet for 2017. I tillegg er det verdt å nemne at eit forslag om totalforbod mot nydyrking av myr har lagt ute til offentleg ettersyn.

Med venleg helsing  
**Solveig Kalvø Roald**

Seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Vestland

Telefon: 55 57 23 27  
E-post: [fmhoskr@fylkesmannen.no](mailto:fmhoskr@fylkesmannen.no)  
Web: [www.fylkesmannen.no/vl](http://www.fylkesmannen.no/vl)